

Lindås kommune v/Arkivleiar Elisabeth Valdersnes

Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref.:

Vår ref.:
16/98 - 14 / RL / 042

Dato:
30.05.2017

Orientering kring oppretting av Rådgjevarstilling hjå IKAH i samband med kommunereforma

Vi ynskjer med dette å orientere korleis den nye Rådgjevarstillinga hjå IKAH er tenkt organisert og korleis vi ser for seg at denne skal bidra til å løyse samanslåingskommunane sine behov.

Vi ser føre oss at det vil vere tre paralelle løp som pågår i kommunane i samband med reforma og arkiva. Desse er:

- Avslutting av dei gamle kommunane sine arkiver jamfør arkivforskrifta og bestemmelsane i teknisk utfyllande føresegn samt normalinstruksen og avlevering til depot.
- Driftsoppgåver knytt til dei eksisterande arkiva til kommunane fram til samanslåing
- Planlegging og oppstart av arkiva til den nye kommunen.

All rådgjeving og planlegging samt gjennomføring av avlevering av papirarkiv samt deponering av elektroniske arkiv og fagsystem vil verte handtert av dei ressursane samt den kompetansen som allereie er tilstades ved IKAH. Samarbeida vil få oppnevnt ein eigen kontaktperson som handterer dette for kvar enkelt kommune. Vi utarbeide eit forslag til ein avleveringsplan for kvar enkelt som skal sikre at ein får avslutta dei gamle arkiva på ein forskriftsmessig måte.

- a) Om ein kommune har behov t.d. innanfor ordning av arkiver før avlevering vil det vere mogeleg å teikne ein eigen oppdragsavtale kring dette. Kontaktpersonen vil følgje opp dei enkelte kring kartlegging og avtalar.
- b) Om ein kommune har behov for bistand t.d. i samband planlegging av tilgang til arkiv i avslutta fagsystem og eller i samband med digitaliseringsprosjekt vil dette verte dekkja av den nye ressursen.
- c) Drift fram mot ny kommune. All form for rådgjeving m.m. når det gjeld ordinær drift av den gamle kommune til den nye kommunen startar opp vert dekkja innanfor selskapsavtalen og dei ressursane som er tilgjengelig der.

- d) Planlegging av oppstart av ny kommune utvikling av nye rutiner samt arbeid med tilgang til og danning av nye arkiver i ny kommune vil vere dekkja av 60 % av ein nyoppretta 100 % stilling som Rådgjevar innanfor digitalisering. Dei resterande 40% av stillinga vil nyttast til rådgjeving innanfor drift fram mot ny kommune samt andre prosjekt som kan avlaste eksisterande ressursar og kompetanse ved IKAH slik at vi kan få frigjort tid til å gjennomføre ein god prosess kring avslutting av dei gamle kommunane.

Vi vil komme tilbake med meir informasjon så snart den nye stillinga er på plass. Vi håper dette var oppklarande i høve korleis vi skal løyse utfordringane i tida som kjem.

Med venleg helsing

Rune Lothe
dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.